

Høyringsuttale til Regional klima- og energiplan for Hordaland Fylkeskommune 2014 – 2030.

Radøy kommune vil innleiingsvis rosa Hordaland Fylkeskommune for høyringsutkastet til Regional klima- og energiplan 2014 – 2030. Planen framstår som tidsaktuell i høve klimaendringane, og omarbeidingsa i høve tidlegare plan gjer den meir presis, og vil vonleg vera eit godt styringsdokument. I det etterfølgjande nyttar me omgrepene «høyringsutkast».

Høyringsutkastet har eit tydeleg handlingsprogram, og me støttar at Fylkeskommunen skal ha årleg rullering av handlingsprogram og tiltaksdel.

Radøy kommune peikar på at ein viktig suksessfaktor for høyringsutkastet er at Fylkeskommunen set av både økonomiske og menneskelege ressursar på reell oppfølgjing av planen.

Radøy kommune meiner at Fylkeskommunen må sjå høyringsutkastet opp mot andre Fylkeskommunale planar. Me peikar m.a. på Fylket sin kollektivstrategi, som foreslår auka satsing på kollektivreiser i dei mest tettbefolka områda av fylket. Dette er klimamessig bra, men Fylkeskommunen må også sikra at ein nyttar kollektivtilbodet i ein klima- og energifremjande måte i heile fylket.

Høyringsutkastet vektlegg at energieffektivisering er førstevalet innan energikapitlet. Radøy kommune støttar dette, og peikar spesielt på at Fylkeskommunen må samarbeida tett med kommunane med prosjekt m.m. for å sikra måloppnåing.

Energikapittelet i høyringsutkastet er godt og ambisiøst, og for å nå målet om stor reduksjon av klimagassar så må ein satsa sterkt på fornybar energi (utan å tapa naturmangfald). Me saknar vektlegging av fornybarsatsing på trevirke i planen. I Hordaland er det store mengder trevirke, som også representerer ønskt attgroing, og i ein beredskapssamanheng også ein auka brannfare. Me ber Fylkeskommunen skriva satsing på fornybarenergi basert på trevirke inn i planen.

Fylkeskommunen må jakta innovative og berekraftige løysingar for på sikt å nyttiggjera dei store energimengdene som i dag går i Fensfjorden frå Mongstadraffineriet. På energisida må eit arbeid for å gjere det lønnsamt å byggja ut offshore-vindkraft understreka som svært viktig.

Hordaland Fylkeskommune eig mykje veg av til dels dårlig standard i Radøy. Ei fornying av vegnettet er også god klimapolitikk. Me vil også vektleggja at satsinga på ladepunkt for elbilar vert vidareført i heile fylket.

Klimaplanen er viktig for kommunal planleggjring, m.a. kommunale klima- og energiplanar. Radøy kommune støttar at Fylkeskommunen er ein pådrivar og aktiv samarbeidspart overfor kommunane i dette arbeidet. Me ser fram til at den endelege Fylkeskommunale klima- og energiplanen for 2014 – 2030 vert eit levande plan- og handlingsverktøy!

Radøy kommune
Formannskapet
(sign)
Jon Askeland
Ordførar